

JD 1979002

KAP. 5. PLANFØRESEGNER.

5.1. Føresegnene gjeld innanfor planområdet slik det er avgrensa på kart i M:1:2000, dagsett... 1978, seinast revidert... 1979, signert.....

5.2. Kvar hytteplassering er markert i terrenget med ein pel og innmålt på kartet. Plasseringa skal vera slik at markeringspelell fell innanfor grunnmuren til den einskilte hytte. Den endelege plassering skal gjerast av bygningsrådet.

5.3. Tomter som skal frådelast hovudbruket for sal eller bygsling skal ikkje vera større en 1-1,5da. Dei viste grensene på plankartet er retningsgjevande ved frådelinga. Ved punkt feste skal festaren ha råderett over eit tilsvarande areal.

5.4. Inngjerding av hyttetomtene er ikkje tillete.

5.5. Hyttene kan førast opp med ei grunnflate på maks. 90m² og min. 30m² inklusive privet og bodar. Oppføring av frittliggjande uthus er ikkje tillete.

Hyttene kan berre førast opp i 1 høgde. Taket skal utførast som saltak utan knekk i takflata.

Grunnmurar eller pelefundament skal vera så låge som mogleg. Bygningsrådet kan krevja innkledning av pelefundamentet.

5.6. Kjøp eller feste av tomt i samsvar med planen gjev rett til bruk av friområdet og utmarksområdet som rekreasjonsareal.

Hogging av tre på hyttetomtene og i friområdet må ikkje skje utan at dette er strengt turvande for oppføring av hyttene eller framføring av gangvegar, vass- og avlaupsleidningar og kablar for elektrisk kraft og telefon.

I utmarksområdet kan grunneigaren driva plukkhogst og hogga tilveksten i skogen og driva kultiveringsarbeid med tanke på skjøtsel i skogen. Dette må ikkje føra til vesentlege endringar i det eksisterande skogbiletet. Det kan ikkje plantast gran innan planområdet.

- 5.7. Turvande drikkevatt skal ordnast med vasslevering frå Tittelsnes Vassverk.

Det er tillete å leggja inn vatn i hyttene under føresetnad av godkjent utsleppsløyve. Ein viser i denne sammenheng til LOV om vern mot vannforurensning av 26. juni 1970 med forskrifter.

- 5.8. Spillvatn og kloakk skal førast til lukka felles avlaupsledning via slamavskiljar til utslepp i sjø på djupt vatn, under føresetnad av godkjent utsleppsløyve for felles avlaupsplan.

- 5.9. Som privet i hyttene kan innstallerast tørrklosett basert på biologisk nedbrytning. Alternativt kan det innstallerast vassklosett, men bare under føresetnad av at det vert gjeve utsleppsløyve for felles avlaupsplan.

- 5.10. Sjøppel og anna avfall pliktar hytteeigarane å bringa til boss-skuret for hytteområdet. Grunneigaren står ansvarleg for henting og deponering av søppelet på plass godkjent av Helserådet.

Når det blir kravd skal hytteområdet leggjast inn under den kommunsle renovasjonsordninga.

- 5.11. Parkeringsplassar skal opparbeidast i samsvar med planen. For kvar hytte skal det vera opparbeid minimum 1 parkeringsplass. I tillegg til desse plassane pliktar grunneigaren å opparbeide en $\frac{1}{2}$ gjesteparkeringsplass pr. hytte. Dersom dette ikkje viser seg å vera nok, kan bygningsrådet påleggja grunneigaren å opparbeida fleire.

- // 5.12. Bilveg innan planområdet skal opparbeidast med 3 meters køyrebredde.

Gangvegen, traktorveg, innan planområdet kan opparbeidast i inntil 2,5 meters bredde.

Vidare fram til dei einskilde hyttene kan det opparbeidast stiar eller gangveger i inntil 1 meters bredde.

- 5.13. Elektrisk kraft og telefon bør leggjast i jordkabel i felles grøft med hovedledning for vatn og kloakk. Jfr. ellers pkt. 5.6. i planføresegnene.

- 5.14. Kjøp eller feste av tomt i samsvar med planen gjev rett til bruk av felles kai, felles båtopplagsplass og eventuelt felles naustanlegg.

x) Denne kan nyttast av bil for nyttekøyring, herunder transport av handikappa.

5.15. Ved gjennomføringa av planen er grunneigaren ansvarleg for følgjande tiltak:

1. Oppføring av boss-skur.
2. Opparbeiding av felles bilveg, traktorveg, og parkeringsplassar.
3. Framføring av hovedleidningar for vatn.
4. Framføring av felles avlaupsanlegg.

Hytteegarene på si side er ansvarlege for følgjande tiltak:

5. Opparbeiding av felles kai, felles båttopplagsplass.
6. Opparbeiding av stiar og gangveggar i hytteområdet.
7. Framføring av elektrisk kraft og telefon til hyttene.
8. Eventuelle andre tiltak som naturleg bør ordnast av hytteegarane i fellesskap.

Hytteegarane er også ansvarlege for vedlikehaldet av nemnde tiltak under (1) - (8).

For å få gjennomført fellestiltaka skal skipast eit hyttelag der samtlege hytteegarar har plikt til å vera med. Hyttelaget skal vera ansvarlege andsynes styresmaktene for gjennomføringa av tiltaka.

Planar for samtlege tiltak under (1) - (8) skal meldast til bygningsrådet og godkjennast før arbeidet vert sett i gang. Bygningsrådet kan vedta at tiltaka heilt eller delvis skal gjennomførast før det vert gjeve byggjeløyve for den einskilde hytte.

- 5.16. På alle tomtene i hytteområdet kviler det hefte og gjensidig rett til legging av vass- og avlaupsleidningar, kablar for elektrisk kraft og telefon og framføring av lågspentlinje.
- 5.17. Det er ikkje tillete å oppretta private servituttar som er i strid med planen eller planføresegnene.
- 5.18. Før graving, sprenging eller byggjearbeid vert sett i gang, skal det liggja føre godkjend byggjemelding for bygningsrådet.
- 5.19. Bygningsrådet kan etter grunngeven søknad, og når særlege grunnar ligg føre, gje dispensasjon frå desse føresegnene.

30 1979 002

Sveio Bygningråd

21 MAI 1979

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Sveio kommune
Formannskapet
5520 SVEIO

Jr. nr. ~~.....~~ Arkiv

PLAN- OG UTBYGGINGSAVDELINGA



Sveio formannskap

21 MAI 1979

J.nr. 504

C. SUNDTSGT. 2
5000 BERGEN
TELEFON (05) 21 76 10

TIL
Bygningråd

DYKKAR REF.

VÅR REF. (bes oppgitt ved svar)

BERGEN,

2120/77.472.1. MV/DH

16. mai 1979

SVEIO KOMMUNE. STRANDPLAN FOR DEL AV GNR. 3, BNR. 5, EIDSVÅG.
GODKJENNING.

Ovannemnde plan vart handsama av Hordaland fylkesutval som sak 274A i møte 10.5.79. Det vart gjort slikt samrøystes vedtak:

"I medhald av § 9 nr. 4 i strandplanlova av 10.12.71 med seinare endringar, godkjenner fylkesutvalet strandplan for del av gnr. 3, bnr. 5 Eidsvåg vist på kartkopi i M = 1:2000, dagsett mars 1978, revidert jan. 1979, signert K. Hølland.

Vidare godkjenner fylkesutvalet planføresegnene i tilknytning til strandplanen, dagsett Fylkesrådmannen, Plan- og utbyggingsavdelinga, 4. mai 1979.

Fylkesutvalet si godkjenning gjeld samstundes fastsetjing av endeleg indre grense for det aktuelle strandområdet, jfr. strandplanlova § 2 nr. 2."

Vedtaket om godkjenning av strandplanen skal kunngjerast i minst 2 aviser som er vanleg leste på staden. I kunngjeringa skal det gjerast kjend at vedtaket kan klagast på til Miljøverndepartementet etter reglane i forvaltingslova.

Strandplanen saman med planføresegnene skal tinglysast på vedkomande eigedom som er omfatta av planen. Det er grunneigaren si oppgåve å ordna med tinglysinga, jfr. strandplanlova § 13 nr. 2.

./. Det godkjende plankartet følgjer vedlagt, med påteikning om godkjenninga, saman med kopi av saksførelegget til fylkesutvalet og nokre av dei tilsende saksdokumenta.

./. 1 gjenpart av dette skrivet saman med 1 kopi av saksførelegget til fylkesutvalet og 1 eksemplar av det godkjende plankartet følgjer vedlagt for vidaresending til grunneigaren.

Vemund Ytre-Arne

Magnus Vestrheim

Jnr. 984/79
Ark. 472.1

Sak nr. 274 A
Møte 9./10.5.79

Fylkesutvalet

SVEIO KOMMUNE. STRANDPLAN FOR DEL AV GNR. 3, BNR. 5 EIDSVÅG.
GODKJENNING.

(Jnr. Plan- og utb.avd. 2120/77. 472.1. -MV/AJT).

FYLKESRÅDMANNEN, 4. mai 1979:

Frå Sveio kommune har ein ved påteikning av 10.4.79
motteke framlegg til strandplan for del av gnr. 3, bnr. 5 Eidsvåg.

Strandplanen er utarbeidd i samsvar med grenser og retningslinjer
fastsett av fylkesutvalet i sak nr. 76 A i møte 9.2.78.

Fylkesutvalet har seinare i sak 682 A i møte 21.12.78 samtykt
i at strandplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Strandplanen låg ute til offentleg ettersyn i tida 29.1.79 til
19.2.79.

Det kom ikkje inn merknader til planen.

Bygningsrådet handsama strandplanen i møte 16.3.79. Det vart
gjort slikt vedtak:

"Bygningsrådet rår til at den reviderte strandplan
m/planføresegner frå Bygg A/S dat. januar 1979 for del
av gnr. 3 bnr. 5, Eidsvåg, vist på kartkopi i M = 1 : 2000
vert godkjend slik den ligg føre.

Planføresegnene kap. 5.12 2. avsnitt vert endra til:

Gangvegen, traktorveg, innan planområdet kan opparbeidast
i inntil 2,5 meters bredde. Denne kan nyttast av bil for
nyttekøyning og handikappa."

Kommunestyret handsama strandplanen i møte 4.4.79. Det vart
gjort slikt samrøystes vedtak:

"1. Kap. 5.12 andre avsnitt bør tilførast setningen:

Denne kan nyttast av bil for nyttekøyning, herunder
transport av handikappa.

2. Kommunestyret rår elles til at den reviderte strand-
planen m/planføresegner frå Bygg A/S datert januar 1979

for del av gnr. 3, bnr. 5 Eidsvåg, vist på kartkopi i M 1:2000 vert godkjend."

Strandplanområdet er på ca. 150 daa. Planen viser i alt 22 planlagde hytter. Elles er vist areal for parkering, naust og båtopplagsplass.

Hyttene er planlagde med innlagt vatn. Ved brev av 21.3.79 til Sveio kommune har Fylkesmannen på nærare spesifiserte vilkår gjeve utsleppsløyve frå hytteområdet.

Kommunestyret rår til at planen vert godkjend på vilkår av at pkt. 5.12 i planføresegnene får ei mindre endring. Eg for min del har ingen merknader til dette. Eg viser elles til planføresegnene som følgjer som vedlegg til saka.


Utover det som her er nemnt har eg ingen merknader til den framlagde strandplanen.

FORSLAG TIL VEDTAK:

I medhald av §9 nr. 4 i strandplanlova av 10.12.71 med seinare endringar, godkjenner fylkesutvalet strandplan for del av gnr. 3, bnr. 5 Eidsvåg vist på kartkopi i M = 1:2000, dagsett mars 1978, revidert jan. 1979, signert K. Hølland.

Vidare godkjenner fylkesutvalet planføresegnene i tilknytning til strandplanen, dagsett Fylkesrådmannen, Plan- og utbyggingsavdelinga, 4. mai 1979.


Fylkesutvalet si godkjenning gjeld samstundes fastsetjing av endeleg indre grense for det aktuelle strandområdet, jfr. strandplanlova §2 nr. 2.


Alf J. Bauge


J. Jervell Pettersen

Vedlegg: Planføresegner
Oversiktskart

JD 1979002



TEGNFORKLARING:

HOVUDFØREMÅL


- 1. BYGGJEOMRÅDE**
 - FRITIDSHUS
 - NAUST
 - SERVICEANLEGG
- 2. LANDBRUKSOMRÅDE**
 - UTMARKSOMRÅDE
- 3. TRAFIKKOMRÅDE**
 - KJØREVEG
 - GANGVEG, TRAKTORVEG
 - FELLES PARKERINGSPLASS
- 4. FRIOMRÅDE**
 - LEIKEAREAL, FRIAREAL
 - BADEPLASS
- 5. SPESIALOMRÅDE**
 - BÅTFESTE, BRYGGJE OG BÅTOPPLAG

ANDRE SYMBOLER

- PLANENS BEGRENSNING
- GRENSE FOR HOVUDFØREMÅL
- BYGGJEGRENS
- TOMTEGRENSE
- HYTTE M/MØNERETNING
- R RENOVASJONSSKUR
- VANN

Fylkesrådmannen i Hordaland
18 MAI 1978
Plan- og utbyggingsavdelinga

MÅLESTOKK
1:2000



**STRANDPLAN FOR
SVEIO KOMMUNE
EIDSVÅG gnr.3 bnr.5**

KARTBLAD

REVISJONAR

Fylkesutval sak 682 A i møte 21.12.78

DATO	SIGN.
jan. 1979	K. Hølland

SAKSBEHANDLING IFLG. STRANDPLANLOVA

	DATO
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK	
UTLAGT TIL OFFENTLEG ETTERSYN I TIDA	
KOMMUNESTYRETS VEDTAK	
STADFESTET AV Fylkesrådmannen: Hordaland	16.5.1979
PLANLEGGJAR	mars. 1978

BYGG a-s

bygg a-s
K. HOLLAND